



HAMNEPLASSAR I SAMBAND MED ASKØY RUNDT

Lørdag 19. august er datoen for vår tradisjonsrike regatta Askøy Rundt. Dette er no ein eindagsregatta med målgang vest for Ramsøy, med påfølgjande seglarfest med sosiale aktivitetar på Seilsportsenteret.

Gjestande båtar frå regattaen vil verta tilvist å fortøya ved ledige hamneplassar, og langs kaien - mellom A- og B-brygga.

Båtar som har hamneplass på sørsida av A-brygga og nordsida av B-brygga kan difor ikkje venta å koma til eller frå sin hamneplass i tidsrommet lørdag 19. august frå omlag kl.15 og til søndag 20. august ca kl.12.

For dei båteigarane som veit at dei har ledig hamneplass denne helga, så er det fint om dei melder i frå på SMS til hamneansvarleg Askøy Rundt, Øyvind Bruvoll 90504687.